

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
034/16	Formannskapet	PS	17.03.2016
044/16	Formannskapet	PS	05.04.2016
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Torleiv Frotjold	FA - N06, HistSak - 13/705	14/1143

Søknad om dispensasjon frå kilometergrensa for skuleskyss på grunn av farleg skuleveg

Vedlegg:

Rapport - Evaluering av Skuleskyssordninga i Austrheim kommune 25.06.2011
Gjeldande vedtak for skuleskyss pr. 2016 - sak frå kommunestyret 07.09.2011
Søknad om dispensasjon frå kilometergren (L)(41726)

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre ser ikkje at det er kome inn vesentlege nye moment i saka. Søknaden om dispensasjon frå kilometergrensa for dei som søker fri skuleskyss i området rundt Bergsvik-krysset vart avslagen.

Formannskapet - 034/16 - 17.03.2016

FS - behandling:

Framlegg frå ordføraren:
Saka vert utsatt.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FS vedtak:

Saka vert utsatt.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Det er søkt om dispensasjon frå kilometergrensa for skuleskyss frå området rundt Bergsvik-krysset. Sjå vedlagt søknad.

Vurdering

Rådmannen viser til Rapport for evaluering av skuleskyssordninga i Austrheim av 26.06.2011, og til påfølgjande vedtak av 07.09.2011 – kommunestyresak nr. 069/11. Rapporten er utarbeidd av ei gruppe sett saman av to medlemmar oppnemnd av formannskapet, to medlemmar frå FAU (ein frå kvar skule), rektorane ved begge skulane, og med driftssjef som sekretær. Rapporten er grundig, og tar alle skulevegane i Austrheim opp til vurdering i høve særleg farleg skuleveg.

I rapporten er det også tatt med – og vist til – vedtak i Austrheim formannskap av 16.06.2003.

Nemnda som vart oppnemnt i 2011 vurderte alle strekningane der skuleborn gjekk, også vegen frå Bergsvik. Nemnda var klar over at enkelte som budde i Bergsvika, ikkje hadde rett til skuleskyss etter lengda på skulevegen. Då kommunestyret gjorde vedtak i saka, definerte dei ikkje strekninga frå Bergsvik til Austrheim kyrkje som "særleg farleg skuleveg". Frå Austrheim kyrkje til Årås skule er det opparbeidd gang- og sykkelveg.

Konklusjon

Rådmannen kan ikkje sjå at det er nye moment i saka. Søknaden vert difor avslegen.